



Vekselbanken

Ein god medspelar



DELÅRSRAPPORT 1. kvartal 2025

Voss, 13. mai 2025
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2025

GENEREKT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 1. kvartal på 26,1 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 1,2 mill. kr i høve til same periode i 2024. Resultat av ordinær drift før skatt er 26,6 mill. kr mot 27,7 mill. kr i 2024. Resultat etter skatt er 20,0 mill. kr mot 20,7 mill. kr i 2024.

Totalresultat pr. utgangen av 1. kvartal 2025 er 22,6 mill. kr mot 20,4 mill. kr for same periode i fjar.

Banken har solid basisdrift. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 10,4 % pr. utgangen av 1. kvartal i år mot 11,6 % for tilsvarende periode i fjar. Banken hadde i fjar eit ekstraordinært utbytte frå Eksportfinans på 2,0 mill. kr i 1. kvartal, og dette forklarer skilnaden i resultat. Elles er det ei positiv utvikling med god utlånsvekst, låge tap og styrking av netto andre driftsinntekter.

RENTENETTO

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 1. kvartal er bokført til 33,1 mill. kr. Dette er ein liten reduksjon på 0,1 mill. kr frå same periode i 2024. Det er ein god volumvekst, men ein reduksjon i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 1. kvartal 2,06 % (2,13 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 1. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 12,6 mill. kr. Dette er ein auke på 1,7 mill. kr samanlikna med same periode i fjar. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,4 mill. kr i høve til 2024. Utbytte er redusert med 1,9 mill. kr, og netto verdiendring på finansielle instrument aukar med 1,8 mill. kr. Andre inntekter aukar med 1,4 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 1. kvartal bokført til 19,6 mill. kr mot 16,8 mill. kr i fjar. Løn og andre personalkostnader har auka med 1,4 mill. kr i høve til 2024, medan andre driftskostnader aukar med 1,2 mill. kr. Avskrivingane aukar med 0,1 mill. kr.

Banken har styrka bemanninga ved inngangen til 2025, og dette grunna god vekst og tilfang av nye kundar.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

Ved utgangen av 1. kvartal har banken netto tilbakeført tap og nedskrivingar på utlån med 0,6 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,4 mill. kr i fjar. For nærmere spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivingane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og auka makroøkonomisk usikkerheit på 8,2 mill. kr i 1. kvartal 2025. Ein auke på 1,0 mill. kr frå 1. kvartal 2024.

RÅDELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 1. kvartal er 7.369 mill. kr. Dette er ein auke på 552 mill. kr (+8,1 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 6.511 mill. kr. ved utgangen av 1. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 4.654 mill. kr. Dette er ein auke på 274 mill. kr (+6,3 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 1. kvartal er 81,5 % tilsvarende som på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 1. kvartal har auka med 9,5 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 1. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 600 mill. kr (+10,1 %). Utlånsauken til privatkundar er 614 mill. kr (+12,6 %), medan det er ein reduksjon i utlån til næringskundar på 13 mill. kr (-1,2 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 1. kvartal 6.565 mill. kr (5.965 i 1. kvartal 2024).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.708 mill. kr mot 5.374 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2024. Av samla utlån er 1.072 mill. kr (18,8 %) utlån til næringsverksemd og 4.636 mill. kr (81,2 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjer ved utgangen av 1. kvartal 857 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 15,6 % mot 12,1 % i 2024. Dette utgjer 13,1 % (9,9 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvarstalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 1. kvartal utesståande obligasjonsgjeld på 934 mill. kr mot 1.009 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2024. Sjå note 8 for nærmere detaljar. Ved utgangen av 1. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 250 % og NSFR 134 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 23,44 % ved utgangen av 1. kvartal mot 22,72 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 796,9 mill. kr, mot 695,6 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 716,9 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 666,9 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 21,09 % (20,76 % i 1. kv. 2024) og ei rein kjernekapitaldekning på 19,62 % (19,13 % i 1. kv. 2024) av beregningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,6 % ved utgangen av 1. kvartal 2025 mot 10,1 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Utbyttet som generalforsamlinga i banken vedtok på generalforsamliga 29. april 2025 på NOK 16,50 per aksje er heller ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 22,24 % ved utgangen av 1. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 19,88 % og 18,38 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,72 %.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2025

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina og presidentskiftet i USA kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er framleis på eit høgt nivå, og kombinert med høgare renter enn for nokre år sidan har dette bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 1. kvartal 2025 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysingane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærmestståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 13. mai 2025

Styret i Voss Veksle- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekval
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 

Gunvall Medhus

Hege Solbakken



Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

| Resultat - konsern | Note | 1. kvartal 31.03.2025 | 1. kvartal 31.03.2024 | Året 31.12.2024 |
|--|-------------|----------------------------------|----------------------------------|----------------------------|
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i> | | | | |
| Renteinntekter fra eigenlutar vurdert til amortisert kost | | 86.891 | 85.759 | 348.314 |
| Renteinntekter fra øvrige eigenlutar | | 0 | 0 | 0 |
| Rentekostnad og liknande kostnad | | 53.791 | 52.523 | 209.606 |
| Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter | | 33.100 | 33.236 | 138.708 |
| Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester | | 5.004 | 4.187 | 20.833 |
| Provisjonskostnad og kostnad ved banktenester | | 952 | 504 | 3.263 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | 106 | 2.000 | 4.768 |
| Netto verdienring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument | 7 | 6.371 | 4.594 | 23.756 |
| Andre driftsinntekter | | 2.065 | 629 | 6.933 |
| Netto andre driftsinntekter | | 12.593 | 10.906 | 53.026 |
| Løn og andre personalkostnad | | 9.946 | 8.498 | 35.578 |
| Andre driftskostnad | | 9.287 | 8.067 | 34.830 |
| Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eigenlutar | | 407 | 279 | 1.274 |
| Sum driftskostnader | | 19.640 | 16.844 | 71.682 |
| Resultat før tap | | 26.053 | 27.298 | 120.052 |
| Kredittap på utlån, unytta kredittar og garantiar | 5 | -556 | -381 | 2.016 |
| Resultat før skatt | | 26.609 | 27.679 | 118.036 |
| Skattekostnad | | 6.648 | 6.931 | 27.251 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | 19.961 | 20.748 | 90.785 |
| <i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i> | | | | |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | 7 | 2.590 | -396 | -3.154 |
| Sum postar som ikke vil bli klassifisert over resultatet | | 2.590 | -396 | -3.154 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | 49 | 0 | 44 |
| Skatt | | -12 | 0 | -11 |
| Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet | | 37 | 0 | 33 |
| Totalresultat | | 22.588 | 20.351 | 87.664 |
| Resultat per aksje | | 8,52 | 8,96 | 38,91 |
| <i>Resultat etter skatt</i> | | | | |
| Aksjeeigarane sin andel av resultatet | | 18.786 | 19.748 | 85.749 |
| Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet | | 1.117 | 1.123 | 4.568 |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet | | 58 | -124 | 468 |
| Totalresultat | | 21.413 | 19.352 | 82.628 |
| Aksjeeigarane sin andel av resultatet | | 1.117 | 1.123 | 4.568 |
| Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet | | 58 | -124 | 468 |

| | Note | 1. kvartal 31.03.2025 | 1. kvartal 31.03.2024 | Året 31.12.2024 |
|--|------|--------------------------|--------------------------|--------------------|
| Resultat - morbank | | | | |
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i> | | | | |
| Renteinntekter fra eigenlutar vurdert til amortisert kost | | 86.895 | 85.763 | 348.335 |
| Rentekostnadar og liknande kostnadar | | 53.791 | 52.532 | 209.612 |
| Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter | | 33.104 | 33.231 | 138.723 |
| Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester | | 5.004 | 4.187 | 20.833 |
| Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester | | 952 | 504 | 3.263 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | 106 | 2.000 | 4.895 |
| Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument | 7 | 6.371 | 4.594 | 23.756 |
| Andre driftsinntekter | | 0 | 0 | 36 |
| Netto andre driftsinntekter | | 10.528 | 10.277 | 46.257 |
| Løn og andre personalkostnadar | | 9.207 | 8.174 | 33.056 |
| Andre driftskostnadar | | 8.159 | 7.449 | 31.764 |
| Avskrivninger og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar | | 364 | 266 | 1.206 |
| Sum driftskostnader | | 17.731 | 15.889 | 66.027 |
| Resultat før tap | | 25.902 | 27.619 | 118.953 |
| Kredittap på utlån, unytta kredittar og garantiar | 5 | -556 | -381 | 2.016 |
| Resultat før skatt | | 26.458 | 28.000 | 116.936 |
| Skattekostnad | | 6.615 | 7.000 | 26.979 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | 19.843 | 21.000 | 89.957 |
| <i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i> | | | | |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | 7 | 2.590 | -396 | -3.154 |
| Sum postar som ikke vil bli klassifisert over resultatet | | 2.590 | -396 | -3.154 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | 49 | 0 | 44 |
| Skatt | | -12 | 0 | -11 |
| Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet | | 37 | 0 | 33 |
| Totalresultat | | 22.470 | 20.604 | 86.836 |
| Resultat per aksje | | 8,50 | 9,02 | 38,75 |
| Balanse - Eigenlutar - konsern | | | | |
| <i>Tal i tusen kroner</i> | Note | 31.03.2025 | 31.03.2024 | 31.12.2024 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | 82.961 | 81.153 | 81.045 |
| Utlån til og fordringar på kreditinstansjonar | | 105.556 | 190.865 | 164.030 |
| Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi | 4, 5 | 4.178.575 | 3.948.962 | 4.135.450 |
| Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | 4, 5 | 1.501.671 | 1.398.119 | 1.481.912 |
| Aksjar, andlar og andre eigenkapitalinstrument | 7 | 617.899 | 586.051 | 605.222 |
| Varige driftsmiddler | | 19.900 | 16.613 | 19.476 |
| Andre eigenlutar | | 7.606 | 4.865 | 5.738 |
| Sum eigenlutar | | 6.514.168 | 6.226.627 | 6.492.873 |
| Balanse - Gjeld og eigenkapital | | | | |
| <i>Tal i tusen kroner</i> | Note | 31.03.2025 | 31.03.2024 | 31.12.2024 |
| Innskot frå kundar | | 4.653.381 | 4.379.181 | 4.643.799 |
| Gjeld stifta ved utfording av verdipapir | 8 | 933.821 | 1.009.385 | 934.110 |
| Anna gjeld | | 37.198 | 25.297 | 28.716 |
| Forpliktingar ved skatt | | 10.993 | 8.637 | 28.833 |
| Andre avsetningar | | 330 | 240 | 414 |
| Ansvarleg lånekapital | 8 | 80.556 | 60.141 | 80.603 |
| Sum gjeld | | 5.716.279 | 5.482.881 | 5.716.475 |
| Innskoten eigenkapital | 10 | 58.014 | 58.014 | 58.014 |
| Opptent eigenkapital | | 668.887 | 615.879 | 667.435 |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser | | 819 | 292 | 760 |
| Fondsobligasjonskapital | | 50.208 | 50.210 | 50.187 |
| Resultat i perioden etter skatt | | 19.961 | 19.352 | 0 |
| Sum eigenkapital | | 797.889 | 743.747 | 776.398 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 6.514.168 | 6.226.627 | 6.492.873 |

| Balanse - Eigenlutar - morbank | | Note | 31.03.2025 | 31.03.2024 | 31.12.2024 |
|---|------|-------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <i>Tal i tusen kroner</i> | | | | | |
| Kontantar og kontantekvivalenter | | | 82.961 | 81.153 | 81.045 |
| Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar | | | 105.556 | 190.865 | 164.030 |
| Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi | 4, 5 | | 4.178.575 | 3.948.962 | 4.135.450 |
| Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | 4, 5 | | 1.501.671 | 1.398.119 | 1.481.912 |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument | 7 | | 617.899 | 586.051 | 605.222 |
| Eigarinteresser i konsernselskap | | | 153 | 153 | 153 |
| Varige driftsmiddler | | | 18.914 | 16.335 | 18.648 |
| Andre eigenlutar | | | 5.765 | 4.240 | 4.304 |
| Sum eigenlutar | | | 6.511.494 | 6.225.878 | 6.490.764 |
| Balanse - Gjeld og eigenkapital | | | | | |
| <i>Tal i tusen kroner</i> | | Note | 31.03.2025 | 31.03.2024 | 31.12.2024 |
| Innskot frå kundar | | | 4.653.819 | 4.379.584 | 4.644.231 |
| Gjeld stifta ved utferding av verdipapir | 8 | | 933.821 | 1.009.385 | 934.110 |
| Anna gjeld | | | 35.804 | 24.674 | 27.870 |
| Forpliktingar ved skatt | | | 10.797 | 8.549 | 28.540 |
| Andre avsetningar | | | 328 | 240 | 414 |
| Ansvarleg lånekapital | 8 | | 80.556 | 60.141 | 80.603 |
| Sum gjeld | | | 5.715.124 | 5.482.574 | 5.715.767 |
| Innskoten eigenkapital | 10 | | 58.014 | 58.014 | 58.014 |
| Opptent eigenkapital | | | 668.305 | 615.599 | 666.796 |
| Fondsobligasjonskapital | | | 50.208 | 50.210 | 50.187 |
| Resultat i perioden etter skatt | | | 19.843 | 19.481 | 0 |
| Sum eigenkapital | | | 796.370 | 743.304 | 774.997 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | | 6.511.494 | 6.225.878 | 6.490.764 |

Voss, 13. mai 2025

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Stein Kvarckvål

Styrelseiar

Marita Østrem

Nestleiar

Gunvall Medhus

Hege Solbakken

S. Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.

Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

| Tal i tusen kroner | Innskoten eigenkapital | | | Opptent eigenkapital | | | | Sum egenkapital |
|---|------------------------|--------------|---------------|--------------------------|--------------------------------|-------------------------------|----------------------------|-----------------|
| | Aksjar | Eigne aksjar | Overkurs | Fondsobligasjons-kapital | kontrollerende eigarinteresser | Fond for unrealiserte vinstar | Annен opptent eigenkapital | |
| Eigenkapital 31.12.2024 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.187 | 761 | 37.296 | 630.138 | 776.398 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | | | 1.117 | 58 | -128 | 18.914 | 19.961 |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat | | | | | | 2.590 | | 2.590 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | | | | | 49 | | 49 |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | | -12 | | -12 |
| Totalresultat 31.03.2025 | 0 | 0 | 0 | 1.117 | 58 | 2.499 | 18.914 | 22.588 |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | | 0 |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.096 | | | | -1.096 |
| Eigenkapital 31.03.2025 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.208 | 819 | 39.795 | 649.052 | 797.890 |
| Eigenkapital 31.12.2023 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.210 | 415 | 39.402 | 576.476 | 724.519 |
| Resultat etter skatt | | | | 1.123 | -124 | | 19.748 | 20.748 |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat | | | | | | -396 | | -396 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | | | | | | | 0 |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | | | | 0 |
| Totalresultat 31.03.2024 | 0 | 0 | 0 | 1.123 | -124 | -396 | 19.748 | 20.351 |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | | 0 |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.123 | | | | -1.123 |
| Eigenkapital 31.03.2024 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.210 | 292 | 39.006 | 596.224 | 743.747 |

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

| Tal i tusen kroner | Innskoten eigenkapital | | | Opptent eigenkapital | | | | Sum egenkapital |
|---|------------------------|--------------|---------------|--------------------------|-------------------------------|----------------------------|----------------|-----------------|
| | Aksjar | Eigne aksjar | Overkurs | Fondsobligasjons-kapital | Fond for unrealiserte vinstar | Annен opptent eigenkapital | | |
| Eigenkapital 31.12.2024 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.187 | 37.296 | 629.500 | 774.997 | |
| Resultat etter skatt | | | | 1.117 | -128 | 18.854 | | 19.843 |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat | | | | | 2.590 | | | 2.590 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | | | | 49 | | | 49 |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | -12 | | | -12 |
| Totalresultat 31.03.2025 | 0 | 0 | 0 | 1.117 | 2.499 | 18.854 | 22.470 | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | | 0 |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.096 | | | | -1.096 |
| Eigenkapital 31.03.2025 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.208 | 39.795 | 648.354 | 796.370 | |
| Eigenkapital 31.12.2023 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.210 | 39.402 | 576.198 | 723.824 | |
| Resultat etter skatt | | | | 1.123 | | 19.877 | | 21.000 |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat | | | | | -396 | | | -396 |
| Verdiendring utlån til virkelig verdi | | | | | | | | 0 |
| Skatt på verdiendring utlån | | | | | | | | 0 |
| Totalresultat 31.03.2024 | 0 | 0 | 0 | 1.123 | -396 | 19.877 | 20.604 | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | | 0 |
| Utbetalte renter fondsobligasjon | | | | -1.123 | | | | -1.123 |
| Eigenkapital 31.03.2024 | 11.103 | -84 | 46.995 | 50.210 | 39.006 | 596.075 | 743.305 | |

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

| | Morbank | Konsern | | |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Tal i tusen kroner | 1. kvartal 2025 | 1. kvartal 2024 | 1. kvartal 2025 | 1. kvartal 2024 |
| Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar | | | | |
| Netto utbetaling av lån til kundar | -61.314 | -26.506 | -61.314 | -26.506 |
| Renteinnbetalingar på utlån til kundar | 83.502 | 80.241 | 83.502 | 80.241 |
| Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar | -28.038 | -46.799 | -28.038 | -46.799 |
| Renteutbetalingar på innskot frå kundar | -822 | -564 | -822 | -564 |
| Netto inn-/utbetalingar av lån frå kredittinstitusjonar | 2.326 | 3.728 | 2.326 | 3.728 |
| Netto provisjonsinnbetalingar | 4.052 | 3.682 | 4.052 | 3.682 |
| Utbetalinger til drift | -11.653 | -13.912 | -11.653 | -13.912 |
| Betalt skatt | -24.358 | -19.427 | -24.358 | -19.427 |
| A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar | -36.305 | -19.557 | -36.305 | -19.557 |
| Kontantstraum frå investeringsaktivitetar | | | | |
| Netto investering i varige driftsmidlar | -630 | 0 | -630 | 0 |
| Netto investering i langsiktige verdipapir | -3.856 | 3.252 | -3.856 | 3.252 |
| Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar | 106 | 2.000 | 106 | 2.000 |
| B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet | -4.380 | 5.252 | -4.380 | 5.252 |
| Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar | | | | |
| Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld | 150.000 | 100.000 | 150.000 | 100.000 |
| Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld | -150.000 | -140.000 | -150.000 | -140.000 |
| Renteutbetaling på gjeld stifta ved utferding av verdipapir | -13.390 | -14.629 | -13.390 | -14.629 |
| Renteutbetaling på ansvarlege lån | -1.386 | -993 | -1.386 | -993 |
| Renteutbetaling på fondsobligasjon | -1.096 | -1.124 | -1.096 | -1.124 |
| C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet | -15.873 | -56.746 | -15.873 | -56.746 |
| A + B + C Netto endring likvidar i perioden | -56.557 | -71.051 | -56.557 | -71.051 |
| Likviditetsbeholdning 1.1 | 245.074 | 343.070 | 245.074 | 343.070 |
| Likviditetsbeholdning 31.03 | 188.517 | 272.018 | 188.517 | 272.018 |
| Likviditetsbeholdning spesifisert: | | | | |
| Kontantar og fordringar på Sentralbanken | 82.961 | 81.153 | 82.961 | 81.153 |
| Fordringar på kredittinstitusjonar | 105.556 | 190.865 | 105.556 | 190.865 |
| Likviditetsbeholdning | 188.517 | 272.018 | 188.517 | 272.018 |

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Den vedvarande krigen i Ukraina og presidentskiftet i USA fører til framleis usikkerheit, og inflasjonen er framleis på eit høgt nivå. Noko som bremsar takt og tidspunkt for ein evt. rentenedgang. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt. Banken med si fordeling 81 % PM og 19 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2025 - 31.03.2025. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2024.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderinger

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderinger og tek føresetnader som påverkar ef av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsreknekapen for 2024 er det gjort nærmere greie for kritiske estimat og vurderinger vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp. Estimat og skjønnsmessige vurderinger vert løpende evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnadar om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nyttar.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvar enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderinger, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivningsvurderingar vert gjennomførte kvar kvartal.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivningsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2024 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kreditrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kreditportefølja, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjene er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograds. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivningsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,4 mill. kr samanlikna med utgangen av fjaråret.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,3 mill. kr samanlikna med utgangen av fjaråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kreditforringa engasjement

| | 1. kvartal 2025 | 1. kvartal 2024 | Året 2024 |
|---|--------------------|--------------------|---------------|
| Mislegthalde over 90 dagar | | | |
| Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden | 7.389 | 3.475 | 6.411 |
| Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden | 10 | 44 | 10 |
| Nedskrivningar i steg 3 | -1.158 | -568 | -899 |
| Netto misleghelde engasjement | 6.241 | 2.951 | 5.522 |
| Andre kreditforringa | | | |
| Brutto andre kreditforringa engasjement - personmarknaden | 29.850 | 32.391 | 29.367 |
| Brutto andre kreditforringa engasjement - bedriftsmarknaden | 26.608 | 26.082 | 27.097 |
| Nedskrivningar i steg 3 | -14.129 | -14.029 | -14.164 |
| Netto andre kreditforringa engasjement | 42.329 | 44.444 | 42.300 |

NOTE 4 - Fordeling utlån kundar

Utlån til kundar fordelt på sektorar og næring

| | 1. kvartal 2025 | 1. kvartal 2024 | Året 2024 |
|--|--------------------|--------------------|------------------|
| Primærnæringar | 48.230 | 33.093 | 48.492 |
| Industri og bergverk | 36.509 | 41.211 | 35.730 |
| Kraftforsyning | 3.557 | 4.226 | 3.731 |
| Bygg og anleggsvirksemad | 89.825 | 99.859 | 80.341 |
| Varehandel | 91.765 | 75.904 | 94.018 |
| Transport | 20.153 | 21.008 | 19.586 |
| Overnattings- og serveringsverksemad | 39.110 | 51.838 | 47.973 |
| Informasjon og kommunikasjon | 0 | 2.556 | 1 |
| Omsetning og drift av fast eigedom | 531.575 | 488.979 | 520.672 |
| Tenesteytande verksemad | 211.536 | 267.001 | 240.762 |
| Sum næring | 1.072.260 | 1.085.673 | 1.091.306 |
| Personkundar | 4.635.831 | 4.288.301 | 4.554.380 |
| Brutto utlån | 5.708.091 | 5.373.974 | 5.645.686 |
| Steg 1 nedskrivningar | -4.199 | -4.141 | -4.535 |
| Steg 2 nedskrivningar | -8.359 | -8.160 | -8.732 |
| Steg 3 nedskrivningar | -15.287 | -14.592 | -15.058 |
| Netto utlån til kundar | 5.680.246 | 5.347.081 | 5.617.361 |
| Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK) | | | |
| | 857.400 | 591.270 | 825.210 |
| Totale utlån inkl. portefølja i EBK | 6.537.646 | 5.938.351 | 6.442.571 |

NOTE 5 - Nedskrivningar og tap - morbank

Banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement. Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettighetar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldas endring i kreditrisiko, frå 12 måneder venta kredittapp i steg 1 til kredittapp over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved fråregning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldstas endringer i inputvariabler, beregningsforutsetninger, makroøkonomiske foresetnadar og effekten av diskonteringa.
- Netto endring viser endring i tap eller engasjement som følge av innbetalingar/auke av saldo der lån ikkje har skiftet steg.
- Konstaterte tap

| | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Nedskrivninger på utlån til kundar - personmarknaden | | | | |
| Nedskrivningar pr. 01.01.2025 | 1.714 | 2.800 | 3.984 | 8.498 |
| Overføringer mellom steg: | | | | |
| Overføringer til steg 1 | 135 | -135 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 2 | -43 | 43 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | -22 | 22 | 0 |
| Netto endring | -431 | 154 | 273 | -4 |
